

Vik båtforening  
Februar 2020

## Årsmelding Vik båtforening – 2019

Styret for 2019 har vore:

Dagfinn Otterskred (leiar), Bjørn Moheim (kasserar), John Harald Systad (sekretær), Kurt Arne og Per Olav Geithus (styremedlemar). Bjørn Salbu har vore hamnesjef.

Medlemstalet ligg rundt 60 stk. +/-

Det er halde 4 styremøter i løpet av året. Ingen kontroversielle saker har vore innom styret.

Styret er avventande til endeleg og permanent løysing på skaden på betongkaien. Håpar Vik utvikling landar dette på ein god måte.

Dugnadsopplegget fungerer ikkje perfekt. Vik båtforening har mykje å tene på at vi får gjort mest muleg arbeid på dugnad.

Arbeid med utskifting av rustskada sikringsskap i bua er sett i gang. Skapet vil også romme minusmålarar, som allereide er i hende, og som vil registrere straumforbruket på kvar einskild kai.

Det er teke kontakt med Statkraft, og orientert om sandbanken i Hopra-osen som ved lavvatn leidar alt elvevatn og sand frå elva inn i båthamna. Ventar på tilbakemelding. Dette er også i samråd med Vik kommune v./teknisk sjef Ramberg.

På landområdet er det absolutt rom for forbetringar. Alle båtvogner og heilårslagra båtar der gjer jobben med å slå graset og holde området «ship shape» svært vanskeleg.

Alle vogner er heller ikkje endå merka med båtplassnummer, slik det er vedtak om.

Vik, 25. februar 2020  
Styret i Vik båtforening